

## Minneloge 2016

Me har nett passert Halloween, det engelske ordet for Allehelgensafta, som vert feira 31. oktober, og er ein slags burlesk kontrast til minnesøndagen for dei som er gått bort, Allehelgenssøndag, hos oss feira første søndag i november. Halloween freistar på ein måte å ufarleggjera dødens bitre realitet, med spøkelse, skrekk og gru, og borna, det fysiske beviset på at slekt følgjer slekt, at livet går vidare, spelar ein hovudrolle.

Me heidrar dei døde, me snakkar om den generelle død, kreftdøden, bildøden, krigen, naturkatastrofane, men min død er vanskelegare å komma til rette med. Stilt overfor denne ubønnhørlege realitet, nyttar det ikkje å seia at eg har ombestemt meg, at eg vil ha ein ny sjanse, og difor har me ein tendens til å tia han i hel.

Det krev mot og ord til å snakka om døden i mitt og ditt liv, og difor tyr me gjerne til diktarane, som har ein eigen evne til å setja ord på korleis døden kan opplevast, angst for utslettinga, sorga over at me må seia farvel til alle me er glad i, alt som er u gjort, og tapsopplevelinga når me misser nokon av dei som står oss nær. På den måten kan dei kanskje hjelpa oss mot angst, gje inspirasjon til å gripa kvar dag me har, og mot til å gå inn i sorga og komma gjennom den.

Olav H. Hauge har gitt ei knapp og konsis skildring av mennesket sin lodd i diktet «Din veg».

Ingen har varda den vegen  
du skal gå  
ut i det ukjende,  
ut i det blå.

Dette er din veg.  
Berre du  
skal gå han. Og det er  
uråd å snu.

Og ikkje vardar du vegen,  
du hell.

Og vinden stryk ut ditt far  
i aude fjell.

Også sorga, tapet er levande skildra av Rolf Jacobsen: «Plutselig. I desember.»

Plutselig. I desember. Jeg står til knes i sne.  
Snakker med deg og får ikke svar. Du tier.  
Elskede, så er det altså hendt. Hele livet vårt,  
smilet, tårene og motet. Symaskinen din  
og alle arbeidsnettene. Reisene våre tilslutt:  
– under sneen. Under den brune kransen.

Alt gikk så fort. To stirrende øyne. Ord  
jeg ikke forsto, som du gjentok og gjentok.  
Og plutselig ingenting mer. Du sov,  
Og nå ligger de her. Alle dagene, sommernettene,  
druene i Valladolid, solnedgangene i Nemi  
– under sneen. Under den brune kransen.

Lynsnart som når en bryter slås av  
blir alle billedsporene bak øyet tonet ned,  
visket ut av livets tavle. Eller blir de ikke?  
Den nye kjolen din, ansiktet mitt og trappen vår  
og alt du bar til huset. Er det borte  
– under sneen? Under den brune kransen?

Kjæreste venn, hvor er vår glede nu,  
de gode hendene, det unge smilet,  
hårets lyskrans over pannen din, ditt mot

og dette overskudd av liv og håp?

– Under sneen. Under den brune kransen.

Kamerat bak døden. Ta meg ned til deg.

Side ved side. La oss se det ukjente.

Her er så ødslig nu og tiden mørkner.

Ordene blir så få og ingen hører mer.

Kjæreste, du som sover. Evrydike.

- Under sneen. Under den brune kransen

*Rolf Jacobsen*

Meir vemodig i tonen er Hartvig Kiran sitt minnedikt over Jakob Sande:

Du var still den siste kvelden vår, kvart dyrekjøpt minutt

til du braut opp seint på natt og gav oss handa.

Ikkje song du dine viser, ikkje rørde du din lutt.

Tru du visste då du sat der at din landlov snart var slutt

og at skuta låg og venta ned ved stranda?

Vi sku fulgt deg om vi visste, vore med og kasta loss,

sett deg smile, som så ofte, gjennom tårer.

Vi sku sunge deg ei vise som ei helsing i frå oss:

om det underfulle hjarta, om eit anker og ein kross

og om havsens dei miskunnelege bårer.

Men du kjende vel kan hende det var einsemd som du trøng

i den stund du høyrdé skipsklokka kalle?

Kan du høyre der du siglar at vi nynnar deg ein song?

Du må helse vesle Daniel og Lasse og May Wong

og ditt hav som ligg og ventar på oss alle.

Hartvig Kiran

Vil nokon syngja oss ein song den kvelden me stilt går

om bord, og vår livbåt blir låra i seks fot med jord?(Falkeid)

bita